



# Gulen kyrkjelydsblad

Nr 3

Oktober 2023

66. årgang



**Haut i Seljehammen, Takle. Foto Liv Øygard**

**REDAKTØR: Kyrkjevevja**

Eivindvikvegen 1119, 5966 Eivindvik  
Tlf. 970 44 591. [is299@kyrkja.no](mailto:is299@kyrkja.no)

**REDAKSJON: Anne R. Tveit**

Eivindvikvegen 1117, 5966 Eivindvik  
482 28 353. [annetveit46@gmail.com](mailto:annetveit46@gmail.com)

**KORREKTUR: Marit Sandal****BANKGIROKONTO: 3817 15 51282**

Merk med gåve til kyrkjelydsbladet.  
VIPPS: 706144.

**TRYKKERI:**

ETN Grafisk, 3701 Skien

**SOKNEPREST:**

Øystein Skauge, vikarprest.

Tlf. 900 51 359.

[oystein.skauge@gmail.com](mailto:oystein.skauge@gmail.com)

**KYRKJEVERJE: Ingunn Sognnes**

Tlf. 970 44 591. [is299@kyrkja.no](mailto:is299@kyrkja.no)

Fri fredag.

**KONTORSEKRETÆR:**

Margrethe Skåden, Tlf. 481 20 586  
[ms859@kyrkja.no](mailto:ms859@kyrkja.no). Kontor tysdag og  
torsdag.

**Felles e-postadresse til kontoret:**

[post.gulen@kyrkja.no](mailto:post.gulen@kyrkja.no)

**ORGANIST: Peter Tiborc Jobbagy,**

5966 Eivindvik. Tlf. 909 84 617

[pj847@kyrkja.no](mailto:pj847@kyrkja.no)

**GULEN KYRKJELEGE RÅD/FEL-  
LESRÅD: Leiar: Kåre Sigurd Krak-  
hella,** tlf. 900 75 286

[kaare.krakhella@icloud.com](mailto:kaare.krakhella@icloud.com)

**Nestleiar: Halldis Steine,**

tlf. 958 41 715 [halldst@online.no](mailto:halldst@online.no)

**KYRKJA SI HEIMESIDE:**

[www.gulen.kyrkja.no](http://www.gulen.kyrkja.no)

**FACEBOOK:** *Kyrkja i Gulen.*

## Redaksjonen

Resultatet av haustens kyrkjeval er no klart. Lokalt har vi har fått nye sokneutval og nytt felleusråd, og sentralt har vi fått nytt bispedømmeråd (side 4). Lukke til med arbeidet dei komande fire åra!

Neste nummer av bladet kjem til jul, og vi håpar lesarane våre kan hjelpe oss med å lage eit innhaldsrikt og flott julenummer. **Frist: 25. november.**



## Bladpengar til Gulen kyrkjelydsblad

På midtsidene i dette bladet finn du ein giro for bladpengar. Kontingenten er fri. Du kan bruke denne giroen, eller du kan sende gáva di til kontonr. 3817.15.51282, merka «Kyrkjelydsbladet». Du kan òg bruke VIPPS, til nr.706144, Gulen kyrkjelydsblad. Takk for alle gáver!

## Salme til slutt

Salmeboka i kyrkjene våre startar med vår aller mest kjende og største salme. Som nr. 1 finn vi Petter Dass sin ufatteleg store og viktige salme, både i ord, tonesetjing og teologisk innhald: «Herre Gud, ditt dyre namn og ære». Vi kan vidare syngje eller lese oss gjennom ei perlerad av flotte, meiningsfulle og velsignande salmar.

Heilt til slutt står så eit fabelaktig punktum på nr 899. - Men punktum?



Eyvind Skeie og Sigvald Tveit sine ord og tonar er ikkje eit punktum. Salmen er eit storslått kolon: «*Jeg tror på jordens forvandling*». Her går slutten av tida, slutten for verda, slutten for jorda, slutten for livet, over i ei himmelsk forventning om det som skjer ved den nye skapinga. Bak tida. Inni det evige. Salmen handlar om at jorda ein gong skal bli ny. Fullkomen. Nyskapt. « - *en fremtid hvor Guds himmel til jorden senkes ned.* » Når eg les salmen, eller når salmen vert sunge med kraft i ein kyrkjelyd, så grip det tak i meg, og eg kan ikkje la vere å tenkje: Her må Guds Heilage ande ha vore veldig travelt oppteken med å inspirere og velsigne salmeforfattaren og komponisten. Her er ord som tenner håp i meg gjennom fire salmevers. Håp for det evige. Håp om fornyinga av det som er skeivt og skakt i denne tida. Håp om evig liv der så mykje død er eit sørgjeleg faktum vi ikkje kjem utanom. Salmen står til slutt i vår salmebok. På nr. 899. Salmen passar betre enn alle andre salmar, som er så utbrukte,

til å syngjast når det er slutt for eit menneskeliv, i ei gravferd. Eg har sagt til mine, at når det er slutt for meg, så skal denne salmen syngjast. Til slutt!

*«Ja, jorden skal forvandles,  
dens natt går alt mot gry!  
Jeg tror at Jesus Kristus  
skal gjøre verden ny!*

*Øystein Skauge*

\*\*\*\*\*

*Jeg tror på jordens forvandling  
en gang, en tid, et sted,  
en fremtid hvor Guds himmel  
til jorden senkes ned,  
en evighet av glede da alt det vakre her  
blir løftet av Guds klarhet  
og stråler bedre der.*

*Jeg flykter ikke fra verden.  
Den jord som engang falt,  
er båret av de hender som skal fornye alt.  
Jeg vet at Jesus lever!  
Jeg tror at Herren Krist,  
når alle håp er ute, skal stige frem til sist.*

*Jeg tror på jordens forvandling.  
En tid, et sted, en gang  
skal alle ting bli nye  
og alt bli fylt med sang!  
Ja, jorden skal fornyes,  
og gode ting skal skje!  
Bak døden venter Jesus.  
Den som vil tro, skal se!*

*Jeg flykter ikke fra verden.  
Blant jordens minste små,  
der finner jeg den fremtid  
som jeg vil vente på.  
Ja, jorden skal forvandles,  
dens natt går alt mot gry!  
Jeg tror at Jesus Kristus  
skal gjøre verden ny!*



## Resultat soknerådsvalet 2023

Alle som står på listene, blir medlemmer i sine lokale sokneutval. Namna står i rekkjefølgje etter kor mange stemmer dei har fått. Dei to som står øvst på listene (med utheva skrift), er i tillegg valde inn som medlemmer i Gulen kyrkjelege råd/fellesråd, med dei tre påfølgjande namna (står i kursiv) som varamedlemmer. Det skal òg veljast ein ny kommunal representant til Gulen kyrkjelege fellelsråd. Denne blir vald av kommunestyret.

### BREKKE SOKN

- 1: Bodil Ruth Bjørlo Takle**
- 2: Jan Helge Kristensen**
- 3: Johnny Leidvin Langvatn*
- 4: Renate Sætre*
- 5: Line Sætre*
- 6: Inger Marie Håheim Tynning
- 7: Per Arne Breidvik

### MJØMNA SOKN:

- 1: Mina Catrin Dahl Andreassen**
- 2: Anne Kristine Evjenth Ytreøy**
- 3: Sølvi-Ann Oddekalv*
- 4: Bente Iren Haugen*
- 5: Erene Oddrun Wilberg*
- 6: Caroline Sivertsen Einebærholm
- 7: Arve Harald Mjømen
- 8: Gunnlaug Oddny Birknes
- 9: Evy Marie Unneland

### GULEN SOKN:

- 1: Åse Haugen**
- 2: Magny Jorunn Eggum Berg**
- 3: Odd Harald Per Eide*
- 4: Halvor Langeseth Brosvik*
- 5: Sigrun Haveland*
- 6: Kari Hella Furnes
- 7: Heidi Rosseland-Færestrand
- 8: Laila Margaret Kjelby



DEN NORSKE KYRKJA

## Resultat bispedømme- valet 2023

Biskop Ragnhild Jepsen har fast plass i bispedømmerådet, og får med seg sju leke medlemmer, éin representant for prestar tilsette i Den norske kyrkja, og éin person innvald som representant for leke tilsette i kyrkja.

### Dei sju leke medlemene er:

- Oddny Irene Miljeteig, Bergen (Open folkekyrkje)  
Turid Fjose, Voss (Nominasjonskomiteen si liste)  
Per Hilleren, Sogndal (Frimodig kyrkje)  
Karl Johan Kirkebø, Bergen (Open folkekyrkje)  
Dag Sele, Stord (Nominasjonskomiteen si liste)  
Sigurd Grindheim, Stord (Bønnelista)  
Live Bakke Nydal, Florø (Open folkekyrkje)

## Representant for prestar tilsette i Den norske kyrkja:

Kjersti Gautestad Norheim (sokneprest, Birkeland)

## Representant for leke tilsette i kyrkja:

Rita Eldholm (diakon, Åsane)

## Søndag 25. juni i Mjømna kyrkje

Dette var ei spesiell gudsteneste. Det var lagt ny asfalt rundt inngangspartiet til kyrkja, den nye rullestol-inngangen blei innvigd, og ny kyrkje-trapp blei teken i bruk. I tillegg var det siste gudstenesta til sokneprest Per Børge Hillestad i Mjømna kyrkje.



Per Børge fortalde om saksgangen for den nye rullestol-inngangen. Det er 8 år sidan Evy Marie Unneland (som i dag klipte snora og tok han i bruk) var med inn på kyrkjekontoret og fortalde om problema ho og andre hadde med å kome seg inn i kyrkja. Det har kome mange forslag til løysingar, men dei gav ikkje opp før det kom ei løysing som var optimal for brukarane.



Per Børge fekk takk og gode ord med seg på vegen til sin nye arbeidsplass. Frå soknet fekk han eit ikon, måla av Rune Garmann. Leah og Cherry Evanger Svanholm (under) overraska med ein vakker song til presten sin.



Til slutt eit foto av det vakre trappe-trinnet som Jan Eirik Baarøy Mjånes har laga.



*Tekst og foto Anne Evjenth Ytreøy*



## Takk til Per Børge Hillestad

Under siste gudstenesta til sokneprest Per Børge Hillestad i Gulen kyrkje 2. juli fekk presten overrekt denne båten saman med eit dikt, skrive av Målfrid Kyrkjeøy i Eivindvik.



Foto AT

*No er båten komen –  
er du klar?  
Det er Han som står ved roret  
når du drar.  
Takk for tida her du var,  
ved dåp og ved grav.  
Eit lys og ein frisk pust  
i kyrkja vår du var.  
Bølgene dei kan bli store,  
men stol på Han  
som står ved roret.  
Målfrid Kyrkjeøy*

## Haustattakkefest i Gulen kyrkje

1. oktober var det haustattakkefest i Gulen kyrkje. 4- og 6-åringane fekk utdelt bøker. Med i gudstenesta var òg dei som hadde delteke på Lys Vaken, og som hadde overnatta i kyrkja.



Til slutt var det ei markering av at to trufaste medarbeidarar i kyrkja har sagt opp stillingane sine: Aage Sandal som klokkar i Gulen kyrkje, og Trude Brosvik som kyrkjeverje. Som fortennt takk vanka det gode ord, gåve og blomar.



Foto AT

## Det skjer i Mjømna sokn:

### Mandagstreff i Byrknes bedehus



Den første mandagen hver måned kl.18.00 treffes vi i bedehuset for sosialt samvær, og for å jobbe for bedehusbasaren, som hvert år holdes 1. mai. Vi starter med en andakt og gjerne høytlesing, før kaffekopper og håndarbeider overtar plassen på bordet. Her går strikkepinner og heklenåler særs fort, og latteren sitter løst. Om flere ønsker å være sammen med oss disse kveldene, er de hjertelig velkommen. Her er plass til mange, og takhøyden er stor! Håper vi sees!

### Eldretreff på Byrknes bo- og omsorgssenter



Et sikkert tegn på at sommeren er over, er at eldretreffene på Byrknes

bo- og omsorgssenter er i gang igjen. Vi treffes på «tunet» siste tirsdag i hver måned. «Sulepresten», Bjørn Magne Hansen, åpner treffene med andakt.



Sølvi Ann Oddekvalv og Anne Ytreøy serverer kaffe og hjemmebakst. Vi avrunder møtet med et åresalg med spennende gevinster. Pengene som kommer inn, skal komme beboerne på «tunet» til gode, da helst til sosiale tiltak.

### Høstfest i Byrknes bedehus

Mjømna sokneutvalg ønsker velkommen til høstfest i Byrknes bedehus **fredag 27. oktober kl. 18.30**. Det blir kåseri ved Bjørn Magne Hansen. «Mott i brystet» underholder med sang og musikk, og tradisjonen tro blir det allsang og quiz. Meny: Koldtbord. Kakebord. Det koster ikke noe å delta på festen, men om man ønsker å gi en gave, blir pengene i sin helhet gitt til ungdomsarbeid i soknet. Bindende påmelding til Anne Ytreøy, tlf. 48301478 innen 23. oktober.

*Tekst og foto Anne Evjenth Ytreøy*

## Trude takkar for seg



Tida er komen for å takke for meg. Store delar av yrkeslivet mitt har vore som kyrkjeverje i Gulen, med ein del permisjonar på grunn av politiske verv. Då eg byrja som kyrkjeverje hausten 1991, var stillinga kommunal, og rådmannen var næraste overordna. Signe Sandberg var prest, og på intervjuet spurte ho følgjande spørsmål: - Viss det var berre éin telefon på kyrkjekontoret, kven hadde då første retten til å bruke den, presten eller kyrkjeverja? Eg meinte det måtte avhenge av situasjonen og kva sak det galdt. Og det meiner eg for så vidt endå. Kanskje var dette ein forsmak på det spørsmålet kyrkja har brukt mykje krefter på å utgreie og å prøve å konkludere på: Korleis skal kyrkja styrast, og kven skal vere dagleg leiar i kyrkjelyden? For det kan vere utfordrande på ein arbeidsplass at det er to arbeidsgjevarlinjer der presten og

dei andre har ulike «sjefar». Eigentleg er det ei god oppskrift for konflikt, kampar og omkampar om korleis både økonomi og personell skal prioriterast brukt. Mi oppleving frå Gulen er heldigvis at vi klarte å diskutere oss fram til semje om prioriteringar og om korleis ansvaret for dagleg drift vart gjennomført. Vi utarbeidde også tidleg ein handlingsplan for drifta vår og kva prioriteringar både fellesrådet og sokneråda hadde. Gjennom det vart målsettingar avklara frå sokneråda og fellesrådet, og dermed avklara for alle oss som arbeidde i kyrkja.

I 1997-1999 tok eg deltidsundervisning ved Diakonhjemmets høyskolesenter (no VID). Det var travelt når det stod på, men eg er takknemleg for at eg fekk den sjansen. Det gjorde meg betre rusta til arbeidet seinare. Eg har gjennom nesten heile tida mi som kyrkjeverje hatt politiske verv i ei eller anna form ved sida av. Og dei åra eg ikkje har vore fulltidspolitkar, har arbeidet som kyrkjeverje måtta gjerast sjølv om det var fritida som rauk med. Slik sett er ei leiarstilling vanskeleg å kombinere med andre verv.

Frå 1999 til 2011 var eg ordførar i Gulen, og i permisjon frå stillinga. Og frå hausten 2019 hadde eg også permisjon fram til hausten 2023, som heiltids fylkespolitkar. No held eg fram som gruppeleiar og fylkesutvalsmedlem for KrF i Vestland fylke for fire nye år, og sidan eg i 2027 vil verte 65 år, finn eg det rett å seie opp stillinga. Eg har trivest godt



med å jobbe i kyrkja, både med det praktiske og med å legge til rette for det som er kjerneaktiviteten til kyrkja; trusopplæring, gudstenester, kyrkjelege handlingar og diakoni. For meg har det vore viktig at sokneråda skal bli gode, at dei har rammer til å gjere godt arbeid så folk finn seg til rette i kyrkja, møter ei levande tru og får bli kjende med ein levande og kjærleg Gud. Det er eit krevjande verv å vere valt inn i eit sokneråd. Det har ikkje stor status, heller ikkje gode økonomiske rammer for å gjere godt arbeid. Det meste ein får til, er knytt til å få frivillige til å ta eit ansvar, og det blir stadig meir krevjande, både i kyrkja og i samfunnet elles. I tillegg kjem den utviklinga kyrkja har stått i med å finne seg sjølv i dagens politiske spørsmål. Den lokale kyrkja står i spennet mellom eit konservativt og eit liberalt bibelsyn, der tema som t.d. homofili, innvandring og klima har blitt kamparena med større sprengkraft enn det fortener. I små samfunn, som i Gulen, har vi ikkje råd til at kristne deler seg i to (eller fleire) leirar. Eg meiner vi må samle kreftene og stå saman i det vesentlege, som er å forkynne Jesus og den altomfattande nåden han gir oss fordi han døydde og stod opp att for syndene våre. Utan nåden, inga frelse. Utan frelse, inga levande kyrkje. Så skal ein ikkje undertrykke den viktige rolla kyrkja har som «folkekyrkje», der mange som kanskje til dagen opplever seg langt frå kyrkja sin bodskap, er svært glade i kyrkja si

og bryr seg om bygget, rituala og høgtidene. Ein innbyggjar sa til meg ein gong: «Du skal vite det, Trude, at vi går kanskje ikkje så ofte i kyrkja, men skjer det noko med kyrkja vår, så stiller vi opp».

Dette er også ein viktig grunn til at kommunen, sjølv om kyrkja ikkje lenger er ei statskyrkje, har eit økonomisk ansvar for kyrkjebygg, gravplassar og til ein viss grad også stillingane i kyrkja. (Her må eg skyte inn at det eigentleg er skattepengar frå den enkelte, og at dei som ikkje er medlemmer i kyrkja, får same del utbetalt til den kyrkja/organisasjonen dei høyrer til.) Gulen kommune har vore ein god samarbeidspartnar for kyrkja, og for meg som kyrkjeverje vil eg takke for godt samarbeid og fellesskap både med administrativ og politisk leiing.

Det er ingen tvil om at det framover er fleire utfordringar for kyrkja. Rekruttering, særleg av prestar, er ei av dei. Gulen har i fleire omgangar kjent på det, og no er vi der igjen. Prestar er som andre fagfolk, dei ønskjer i større grad å vere del av eit team som samarbeider. Kan vi i Gulen klare å bygge det teamet, av både tilsette og frivillige? Eigentleg er dette ei utfordring eg har lyst å gje på tampen av kyrkjeverjegeringa mi. Vi kan gje av tida vår. Eller vi kan gje pengar som gjer at kyrkja kan hyre inn folk til viktig teneste mot born, ungdom, eldre eller dei som treng eit menneske å snakke med.

Med den utfordringa vil eg seie takk

for meg som tilsett hos Gulen kyrkjelege fellesråd. Eg takkar for godt samarbeid med dei tre sokneråda (no sokneutval) og Fellesrådet, med dei andre tilsette, med alle frivillige medarbeidarar, og til sist med alle innbyggjarane som eg har hatt glede av å møte gjennom arbeidet. Nokon i glede og store stunder, og fleire når livet buttar og ein nær og kjær har gått bort. Takk! Og lukke til i nyvalde råd som, saman med gode tilsette, skal ta Gulenkyrkja vidare.

*Venleg helsing Trude Brosvik*

## **Konfirmantlaurdag på Brekke**

Laurdag 9. september var det tid for haustens første konfirmantsamling for alle Gulenkonfirmantane.

På bedehuset på Brekke vart vi ønska velkomne med nysteikte lappar, saft og kaffi. Etter nokre leikar var det tid for å ta fatt på første undervisningsøkta, med fokus på identitet, sjølvbilde og kvar vi høyrer til.

Konfirmantane fekk høyra om kor mykje kvar enkelt er verdt, skapt og elska av Gud, som til og med kjende oss før vi vart forma i mors liv.

Alle fekk utdelt Delta Konflogg, ei arbeidsbok som konfirmantane brukar på samlingar og til registrering på gudstenester. Vi fekk også gjort oss litt kjende med konfirmantbibelen.

I ein pause kunne vi gjennom leiken «Autografjakta» gå rundt, stilla spørsmål frå eit slags bingobrett og bli betre kjende med kvarandre. Det viste

seg at det var konfirmantar som var glade i å sløya fisk, som likte å synga og som hadde vore i dåp. Og det var nokon som på strak arm klarte 20 armhevingar!

Etter undervisning og refleksjon, fellesskap og hot dog var det tid for å avslutta dagen saman, med ei laurdagsgudsteneste i kyrkja. Her kom Brekkekonfirmantane fram og vart presenterte med namn, og ei samla konfirmantgruppe vart ønska velkommen med applaus og forbøn. Du som ber, ta gjerne med konfirmantane og konfirmanttida i bøn framover.

Takk til kvar enkelt for ein flott dag saman! Eg ser fram til å møta dykk igjen!

*Torbjørn Sæle, konfirmantprest*



*Foto Torbjørn Sæle*

## Hjarteleg takk

Hjarteleg takk for omtanke, blomsterhelsingar kransar og båretbukettar ved vår kjære Asbjørn Ingvald Lihaug sin bortgang. Takk til prest Magne Bjørndal for fin tale. Tusen takk til Else Iren Westervik og Boris Kuprijanov for vakker song og musikk. Tusen takk til Sunnfjord gravferdsbyrå v/Anne Overdevest for fantastisk god hjelp og nydelege dekorasjonar. Takk for gode ord i kyrkja.

Tusen takk til Dalsøyra bu- og omsorgssenter for god omsorg, og takk for alle pengegåver til omsorgssenteret. Til slutt ein varm takk til alle som hadde høve til å vera med oss denne dagen.

*Anny, Anita, Britt Jane, Siv og Elisabeth m/fam.*

## Hjarteleg takk

Hjarteleg takk for all omtanke, deltagelse og blomsterhelsingar ved vår kjære Ove Unneland sin bisettelse. Takk for minnegåver til Gulen sjukeheim.

Til Solgul Blomst, prest Bjørn Magne Hansen, organist Peter T. Jobbagy og «Mott i Brøstet»: Takk for den fine seremonien i kirka.

*Familien*

## Takk

Takk for nydelige blomster og for at dere ga vår mor, Marta Sandal, en fin avskjedsseremoni sammen med oss.

*Siv, Ingalill og Are*

## Nytt frå kyrkjelydane

### Døypte:

#### GULEN SOKN:

**13.08.23:** Elena Fosse.

**16.09.23:** Tristan Hella Eggum.

#### MJØMNA SOKN:

**30.07.23:** Ronja Mattevik-Lerøy.

**08.10.23:** Lars-Elias Mjømen Larsen.

**08.10.23:** Eirik Giæver Nordanger.

**08.10.21:** Viljar Igland Jakobsen.

### Vigde:

#### MJØMNA SOKN:

**10.06.23:** Heidi Rosseland og Kjell Færestrand. (Retting frå førre nr.)

#### GULEN SOKN:

**16.09.23:** Karianne Hella og Jon Magne Gravdal Eggum.

### Døde:

#### GULEN SOKN:

**16.07.23:** Asbjørn Ingvald Lihaug, f. 1939.

**05.09.23:** Jon Arthur Molde, f. 1936.

**05.09.23:** Marta Alvilda Sandal, f. 1932.

**30.09.23:** Arvid Birger Juvik, f. 1938.

#### BREKKE SOKN:

**28.06.23:** Øyvind Instefjord, f. 1929.

#### MJØMNA SOKN:

**07.08.23:** Aud Karin Bjørknes, f. 1936.

**07.09.23:** Ove Unneland, f. 1947.

**12.09.23:** Marie Haugen, f. 1922.



## Adventsfest på Alværa

Det blir adventsfest på Alværa fredag  
8. desember. Middag kl. 18.00.

*Påmelding mob 489 90 661*

## Kyrkjekalenderen



**15.10.:** Ikkje gudsteneste

**22.10.:** Ikkje gudsteneste

**29.10.,** Bots- og bønedag:

**Brekke kyrkje kl. 11.00** v/Øystein  
Skauge. Offer: Misjonsprosjektet i  
Mali.

**05.11.,** Helgemessesøndag:

**Gulen kyrkje kl. 11.00** v/Øystein  
Skauge. Allehelgensgudsteneste.  
Offer: Misjonsprosjektet i Mali.

**05.11.,** Helgemessesesøndag:

**Mjømna kyrkje kl. 16.00** v/Øystein  
Skauge. Allehelgensgudsteneste.  
Offer: Misjonsprosjektet i Mali.

**12.11.,** 24. søndag i treeiningstida:

**Brekke kyrkje kl. 11.00** v/Øystein  
Skauge. Allehelgensgudsteneste.  
Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

**19.11.:** Ikkje gudsteneste

**Laurdag 25.11.:**

**Gulen kyrkje kl. 17.00** v/Bjørn  
Magne Hansen. Lysmesse.  
Offer: inkludermeg.no

**03.12.,** 1. søndag i advent:

**Mjømna kyrkje kl. 16.30** v/Øystein  
Skauge. Gudsteneste med song og  
musikk. Offer: Bjørgvins vennskaps-

kyrkje på Cuba.

**10.12.,** 2. søndag i advent:

**Risnehall kl.13.00:** Adventsverkstad,  
**kl. 15.30:** Gudsteneste.

**Tysdag 12.12.:**

**Brekke kyrkje kl. 09.00** v/Øystein  
Skauge. Skulegudsteneste.

**Laurdag 16.12.:** Julekonsert

**Brekke kyrkje kl. 16.00.**

**17.12.:** Ikkje gudsteneste.

**Onsdag 20.12.:**

**Gulen kyrkje kl. 12.00** v/Øystein  
Skauge. Eldregudsteneste.

**24.12.:** 4.søndag i advent/Julaftan:

**Mjømna kyrkje kl. 11.00** v/Øystein  
Skauge. Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

**Brekke kyrkje kl. 13.30** v/Øystein  
Skauge. Offer: Kirkens nødhjelp.

**Gulen kyrkje kl. 16.00** v/vikar.  
Offer: Kirkens nødhjelp.

**25.12.,** Juledag:

**Gulen kyrkje kl. 12.00** v/Øystein  
Skauge. Offer: NMS.

**26.12.,** Andre juledag:

**Byrknes bedehus kl. 11.00** v/Øystein  
Skauge. Offer: Kirkens bymisjon.

**31.12.,** Nyttårsaftan:

**Brekke kyrkje kl. 23.00** v/vikar.  
Midnattsgudsteneste.  
Offer: Redd barna.



*Foto Liv Øygard*